

## **REGLAR FOR KOMMUNALE KULTURMIDLAR.**

1. Vik kommune kan gje tilskot til kulturtiltak innanfor kommunen
2. I den grad ein har avgrensa midlar til rådvelde, skal tilskota gå til grupper, lag og organisasjonar som har born, unge og funksjonshemma som målgruppe.
3. Alle kulturtiltak kan få stønad, men midlane kan ikkje nyttast til investeringar i bygg og anlegg. Ein kan heller ikkje tildela kulturmidlar som skal dekkja driftsutgifter for institusjonar med fast offentleg stønad.
4. ved fordeling av kulturmidlane vil Vik kommune leggja til grunn kulturpolitiske prioriteringar, jmf. kulturplan.
5. Fordeling av kulturmidlar skal stimulera arbeidet i friviljuge lag og organisasjonar og oppmuntra til positive tiltak innan gruppe og lagsarbeid.
6. Større stønad til enkeltvedtak, gjeve etter lokale kulturpolitiske prioriteringar, inneber at ein skilde søknader kan avvistast.
7. Kommunen krev at det vert lagt fram siste års rekneskap/sluttsum og inneverande budsjett for grupper, lag og organisasjonar og tiltak det blir søkt stønad til. Eigenkapital og fond må og gjevast opp. Søkjer ein om midlar til særlege tiltak, skal kostnadsoverslag og finansieringsplan leggjast ved.

## **REGLANE FOR KOMMUNALT KULTURSTIPEND.**

- Stipendet skal øymerkast ein skildpersonar – born/ungdom frå Vik kommune i alderen 15 – 30 år som har eit spesielt talent, syner god kvalitativ utvikling og legg ned stor innsats for å utvikla sin dugleik innan ein sektor av eit vidt definert kulturomgrep.
- Same person kan få stipend fleire år.
- Politkarane i Vik kommune vurderer om heile stipendet skal fordelast kvart år, om det skal delast på fleire eller kor stor sum søkjar/ane skal få. Dersom det ikkje er kvalifiserte søkjarar til stipendet, kan utvalet la vera å dela ut stipendet. Utvalet kan og sjølve fremja kandidatar til kulturstipendet.